

Vestlandsrådet

Protokoll frå Vestlandsrådets møte i Molde

7. - 8. juni 2018

Stad: Quality Hotel Alexandra, Molde

Møtestart: Fylkesvise møter 7. juni: kl. 18.00 – 19.00

Ope temamøte om nøkkeltal. 8. juni kl. 0900 – 11.30

Vestlandsrådets møte 8. juni: kl. 12.15 – 14.10

Deltakarar

Rogaland fylkeskommune

Solveig Ege Tengesdal (Krf), Fylkesordførar

Marianne Chesak (A), Fylkesvaraordførar

Arne Bergsvåg (Sp)

Janne Johnsen (H)

Pål Morten Borgli (Frp)

Hordaland fylkeskommune

Anne Gine Hestetun (A), Fylkesordførar forfall Ingen vararepresentant

Pål Kårbø (Krf), Fylkesvaraordførar

Bente Bondhus (Sp) forfall Aud Karin Oen møter

Silja Ekeland Bjørkly (H)

Roald Steinseide (Frp) forfall Sigbjørn Framnes møter

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Jenny Følling (Sp) - Fylkesordførar

Åshild Kjelsnes (A) - Fylkesvaraordførar

| | | |
|-------------------------|---------|----------------------------------|
| Noralv Distad (H) | forfall | <u>Bjørn Erik Hollevik</u> møter |
| Trude Brosvik (Krf) | forfall | <u>Anders Ryssdal</u> møter |
| Jakob Andre Sandal (SV) | forfall | Ingen vararepresentant |

Møre og Romsdal fylkeskommune

Jon Aasen (Ap), Fylkesordførar

Gunn Berit Gjerde (V), Fylkesvaraordførar

Jan Ove Tryggestad (Sp) forfall Mette Belden møter

Charles Tøsse (H)

Frank Sve (Frp)

Invitere innleiarar:

| | |
|----------------------------|--------------------------------|
| Vegard Salte Flatval | Samfunnsøkonomisk Analyse |
| Lasse Kolbjørn Anke Hansen | Hordaland fylkeskommune |
| Bodil Palma Hollingsæter | Innovasjon Norge |
| Paul-Gustav Remøy | Fiskebåt Vest |
| Nina Rasmussen | Fiskebåt Sør |
| Elisabeth Kjærstad Bøe | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Lina Vassdal | Møre og Romsdal fylkeskommune |

Møtande gjestar:

Invitasjon til møtet er sendt til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møreforskning, NHO, LO, regionråda Orkide, ROR og Sunnmøre Regionråd.

Følgande er til stades:

Kari Hoset Ansnes Distriktssekretær LO

Andre møtande:

| | |
|-----------------------|----------------------------------|
| Trond Nerdal | Fylkesrådmann i Rogaland |
| Tore Eriksen | Fylkesrådmann i Sogn og Fjordane |
| Rune Haugsdal | Fylkesrådmann i Hordaland |
| Ottar Brage Guttelvik | Fylkesrådmann i Møre og Romsdal |

| | |
|-------------------|---|
| Randi Klæbo | Rogaland fylkeskommune |
| Kristin Rundsveen | Sogn og Fjordane fylkeskommune |
| Dagfinn Aasen | Sekretariatsleiar Vestlandsrådet (møtereferent) |

Opning og innleiingar

0900 – 0915 **Opning og innleiing**

Vestlandsrådet – kva og kven er vi? Kva saker er det vi arbeider med?
v/fylkesordførar og leiar i Vestlandsrådet Jon Aasen

Nøkkeltal for utvalde næringar

Vestlandsrådet har i fleire år fått utarbeidd nøkkeltal for utviklinga i fire utvalde næringar/næringsklynger for Vestlandet som region: marin, maritim, fornybar og ikkje-fornybar energi. Siste nøkkeltalsrapport ligg no føre (vedlagt). Rapporten systematiserer og presenterer utviklingstrekk og ei rekke nøkkeltal for desse for Vestlandet så viktige næringar.

0915 – 0930 **Slik brukar vi nøkkeltala og nøkkeltalssanalysane**

v/ Lasse Kolbjørn Anke Hansen, Hordaland fylkeskommune

0930 – 10.15 **Nøkkeltalsanalysane – ein gjennomgang**

v/ Vegard Salte Flatval, Samfunnsøkonomisk analyse.

1015 - 1030 **Situasjonen, utviklingstrekk og framtidsmuligheter for de viktigste næringene, i Møre og Romsdal spesielt og om Vestlandet generelt, slik IN ser det.**

v/ Direktør Bodil Palma Hollingsæter, Innovasjon Norge

1030 – 1045 **Fiskerinæringa – viktig for Sør-Norge?**

v/Paul-Gustav Remøy, Fiskebåt Vest og Nina Rasmussen, Fiskebåt Sør

1045 – 11.00 **Hydrogenstrategi 2020**

v/Elisabet Kjærstad Bøe, Sogn og Fjordane og Lina Vassdal, Møre og Romsdal

1100 – 1130 Spørsmål og kommentarar

1130 – 1215 Lunsj

Vestlandsrådets møte

Møtestart kl. 12.15

Saker:

13/2018 Vestlandsrådet og framtida – notat til drøfting

Innstilling:

- 1 Vestlandsrådet tek notatet «Vestlandsrådet og framtida» til vitande.
- 2 Vestlandsrådet har følgande kommentarar/endringsforslag/signal som skal takast omsyn til i den vidare prosessen:
 -
- 3 Vestlandsrådet ber om at det vert lagt fram sak om «Vestlandsrådet og framtida» til rådets møte 1. november 2018.

Vestlandsrådets behandling:

Saka vart drøfta, og oppsummeres i følgande punkt:

Om saksfelt/interessefelt for Vestlandsrådet:

- Det er eit gunstig tidspunkt å drøfte framtida for Vestlandsrådet (VR) på no, i forkant av endringar som følgje av regionreformen
- VR har vore eit nyttig organ for fylkeskommunane; det er store felles utfordringar. Difor vil ein også ha bruk for VR i framtida
- Det er behov for å «stramme opp» rådet – det er ein fare for at ein kan engasjere seg i for mykje
- Viktig å fokusere på veg, tunnelar, rassikring, ferjer, reiseliv og ikkje minst: finansiering av drifts- og investeringskostnadane (dvs. rammevilkåra)
- Sette fokus på saker og saksområde som vi krev gjennomslag for hjå sentrale styresmakter

Om Vestlandsrådet som organ/organisasjon:

- Må gjennomgå representasjonen i VR, utgreie aktuelle ulike/alternative organisasjonsmodellar

- Vurdere innflytelse, makt og økonomi, når ein no skal gå frå 4 fylkeskommunar til 3 regionar
- Skal vere likeverdige partar
- Må evaluere og eventuelt stramme opp samarbeidsplattformen og andre styringsdokument
- Navnedebatten er ferdig
- Prøve å lage ein god og «ny» start
- VR må ikkje bli for introvert og for opptatt av seg sjølv
- Økonomiske bidrag inn: etter innbyggartal? Ein fast andel i botnen og resten etter folketal? Dagens totaløkonomi i rådet truleg passe stor
- VR skal vere eit påverknadsorgn når ein møter motstand «frå andre sida av fjella»
- Vere eit tydeleg talerøyr

Vestlandsrådets vedtak:

Samrøystes som innstillinga. Hovedtrekka frå drøftingane skal følgje saka og utviklast i den vidare saksprosessen.

14/2018 Tilpassing til det europeiske kvalifikasjonsrammeverket for livslang læring

Innstilling:

Vestlandsrådet ber regjeringa ved Kunnskapsdepartementet om ei rask implementering av det nye europeiske kvalifikasjonsrammeverket EQF i norsk regelverk slik at integreringa av arbeidsinnvandrarar og andre innvandrarar vert enklare og smidigare, og slik at norske borgarar får lettare tilgang til arbeidsmarknadane i andre EU/EØS-land.

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet ber regjeringa ved Kunnskapsdepartementet om ei rask implementering av det nye europeiske kvalifikasjonsrammeverket EQF i norsk regelverk slik at integreringa av arbeidsinnvandrarar og andre innvandrarar vert enklare og smidigare, og slik at norske borgarar får lettare tilgang til arbeidsmarknadane i andre EU/EØS-land.

15/2018 Utviding av nøkkeltalprosjektet – reiselivsnæringa

Innstilling:

Vestlandsrådet vedtek å utvide det felles «Nøkkeltalsprosjektet» til å inkludere reiselivsnæringa frå 2018.

Kostnadane, om lag kr. 100.000, blir å dekke av Vestlandsrådets reservemidlar.

Vestlandsrådets behandling:

Administrasjonen la fram endra innstilling, på bakgrunn av at tilsvarende registrerings- og analysearbeid også blir utført i scenarioprosjektet.

Framlegg til ny innstilling:

Vestlandsrådet vedtek å vente med å utvide det felles «Nøkkeltalsprosjektet» til også å inkludere reiselivsnæringa fra 2018 inntil innhaldet i, og rammene for, scenarioprosjektet er nærmere avklara.

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet vedtek å vente med å utvide det felles «Nøkkeltalsprosjektet» til også å inkludere reiselivsnæringa fra 2018 inntil innhaldet i, og rammene for, scenarioprosjektet er nærmere avklara.

16/2018 Status for Interreg-programma

Innstilling:

Vestlandsrådet skriv eit brev til Kommunal- og moderniseringsdepartementet med følgjande hovudinnhald:

- 1) Vestlandsrådet ser på deltaking i Interreg etter 2020 som viktig for å skape gode samarbeidsarenaar og for utveksling av erfaringar, «best practice» og kompetanse. Samarbeid med engelske og skotske partnarar blir enno viktigare etter Brexit. Dersom Storbritannia og/eller Skottland bestemmer seg for å delta i Interreg etter den «norske modellen» eller på ein annan måte etter 2020, forventar Vestlandsrådet at Noreg fortsett å delta i Interreg. Vestlandsrådet ser uansett for seg eit framtidig behov for samarbeid rundt Nordsjøen med Storbritannia og andre partnarar, og ber regjeringa etablere ordningar for dette samarbeidet.

- 2) Interreg er eit viktig regionalt utviklingsverktøy for regionale aktørar. Vestlandsrådet er uroa for at manglande tryggleik rundt tildelingar av midlar og kutt i Interreg-midlane skaper misnøye blant norske aktørar og mistillit blant våre nærmeste og viktigaste samarbeidspartnarar. Resultat kan vere at norske partnarar vert mindre attraktive som prosjektpartnarar.

Vestlandsrådets behandling

Følgande endringsforslag til pkt. 2:

Åse Kjelsnes: orda «og stabilitet» tas inn i første setning.

Solveig Ege Tengesdal: andre setning deles opp.

Vestlandsrådets vedtak

- 1) Vestlandsrådet ser på deltaking i Interreg etter 2020 som viktig for å skape gode samarbeidsarenaar og for utveksling av erfaringar, «best practice» og kompetanse. Samarbeid med engelske og skotske partnarar blir enno viktigare etter Brexit. Dersom Storbritannia og/eller Skottland bestemmer seg for å delta i Interreg etter den «norske modellen» eller på ein annan måte etter 2020, forventar Vestlandsrådet at Noreg fortsett å delta i Interreg. Vestlandsrådet ser uansett for seg eit framtidig behov for samarbeid rundt Nordsjøen med Storbritannia og andre partnarar, og ber regjeringa etablere ordningar for dette samarbeidet.
- 2) Interreg er eit viktig regionalt utviklingsverktøy for regionale aktørar. Vestlandsrådet er uroa for at manglande tryggleik og stabilitet rundt tildelingar av midlar. Kutt i Interreg-midlane skaper misnøye blant norske aktørar og mistillit blant våre nærmeste og viktigaste samarbeidspartnarar. Resultat kan vere at norske partnarar vert mindre attraktive som prosjektpartnarar.

17/2018 Handlingsplan cruisestrategi for vestlandsfylka 2018-2020

Innstilling

Fylkesrådmannen rår Vestlandsrådet til å gjøre følgjande vedtak :

1. Vestlandsrådet sluttar seg til «Handlingsplan cruise for Vestlandsfylka 2018 – 2020».
2. Vestlandsrådet har følgjande tillegg:
 - Under punkt 1. Innsatsområde miljø og klima bør planen ta inn følgjande tiltak:
 - Følgje opp § 2 i Forskrift om fartsbegrensninger i sjø, elv og innsjø, for å sikre at det ikkje ved bølgjesalg eller på annan måte oppstår erosjon på strandlinje.
 - Arbeide for at det vert etablert lade- og landstraum eller ikkje – fossil energibruk til cruiseskip i regionen.
 - Støtte hamnene sitt arbeid med å sikre betre spreiing av trafikken, ved for eksempel å innføre avgrensing i talet på

besøkande / skip per dag. I dette ligg ei heilsapsvurdering av dei tilreisande inkludert landbasert trafikk.

- Arbeide for at spreiing av framande arter vert forhindra ved å etablere ein felles politikk for skutevask.
- Det er utfordringar knytt til høge tal besøkjande over ein kort periode ved einskilde turistattraksjonar. Desse utfordringane kan vere knytt til beredskap, berekraft eller naturopplevingar. Det er behov for betre samarbeid mellom relevante organisasjonar for å koordinere og dimensjonere talet turistar som besøker turistattraksjonar på ein berekraftig måte.

Vestlandsrådets vedtak:

- 1 Vestlandsrådet sluttar seg til «Handlingsplan cruise for Vestlandsfylka 2018 – 2020».
- 2 Vestlandsrådet har følgjande tillegg:
 - Under punkt 1. Innsatsområde miljø og klima bør planen ta inn følgjande tiltak:
 - Følgje opp § 2 i Forskrift om fartsbegrensninger i sjø, elv og innsjø, for å sikre at det ikkje ved bølgjesalg eller på annan måte oppstår erosjon på strandlinje.
 - Arbeide for at det vert etablert lade- og landstraum eller ikkje – fossil energibruk til cruiseskip i regionen.
 - Støtte hamnene sitt arbeid med å sikre betre spreiing av trafikken, ved for eksempel å innføre avgrensing i talet på besøkande / skip per dag. I dette ligg ei heilsapsvurdering av dei tilreisande inkludert landbasert trafikk.
 - Arbeide for at spreiing av framande arter vert forhindra ved å etablere ein felles politikk for skutevask.
 - Det er utfordringar knytt til høge tal besøkjande over ein kort periode ved einskilde turistattraksjonar. Desse utfordringane kan vere knytt til beredskap, berekraft eller naturopplevingar. Det er behov for betre samarbeid mellom relevante organisasjonar for å koordinere og dimensjonere talet turistar som besøker turistattraksjonar på ein berekraftig måte.

Innstilling:
Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:
Vestlandsrådet tek saka til orientering.

19/2018 Høyring i Kommunal- og forvaltningskomiteen (orienteringssak)

Innstilling:
Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:
Vestlandsrådet tek saka til orientering.

20/2018 Utdanningstilbodet på Vestlandet – sett i lys av behov i leverandørindustrien til sjømatnæringa (orienteringssak)

Innstilling:
Vestlandsrådet tek rapporten frå Møreforskning til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:
Vestlandsrådet tek rapporten frå Møreforskning til orientering.

21/2018 Scenarioprosjekt 2030 (orienteringssak)

Innstilling:
Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:
Vestlandsrådet tek saka til orientering.

22/2018 Innspel til Nordatlantisk utviklingsstrategi (NAUST) – (orienteringssak)

Innstilling:
Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets behandling:
Saksopplysning: Sekretariatet vil følgje saka, og legge fram sak for Vestlandsrådet når det vert aktuelt.

Vestlandsrådets vedtak:
Vestlandsrådet tek saka til orientering.

23/2018 Rapport frå faste utval – internasjonalt arbeid (orienteringssak)

Innstilling:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

**24/2018 Rapport frå Nordsjøkommisjonens arbeidsgruppe for Brexit:
«Brexit Impact in the North Sea Region» (orienteringssak).**

Innstilling

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

**25/2018 Endring av vassforskrifta – Klima- og miljødepartementet
(orienteringssak)**

Innstilling

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets behandling

Vestlandsrådet meiner at innføring av vassforskrifta ikkje er i samsvar med intensjonane i regionreformen, og at dette blir tatt med i tilbakemelding til regionreformen. Møre og Romsdal fylkeskommune skriv sak om dette.

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet meiner at forslaga om endringar i vassforskrifta bryt med intensjonane i regionreformen, og krev at behandlinga av endringsforslaget til vassforskrifta blir stansa.

26/2018 Hurtigbåtsamband Bergen-Ålesund – utgreiing/kravspesifikasjon

Innstilling

- 1 Vestlandsrådet løyver inntil kr 900.000 for å få gjennomført ei utgreiing av hurtigbåtruta mellom Bergen og Ålesund.
- 2 Oppdraget blir å lyse ut gjennom innkjøpsportalen DOFFIN i august 2018

Vestlandsrådets behandling:

Dette er ei sak som fylkesutvala i dei tre berørte fylkeskommunane har behandla, og kvar har løyvd om lag 300 000 kr. til utgreiingsarbeidet. Det er

difor eigentleg ikkje ei sak for Vestlandsrådet å realitetsbehandle.
Administrasjonen la difor fram følgande

Ny innstilling:

Vestlandsrådet viser til vedtaka i fylkesutvala i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet viser til vedtaka i fylkesutvala i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal, og tek saka til orientering.

27/2018 Prosjekt Tiltak mot marin forsøpling (orienteringssak)

Innstilling:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

Vestlandsrådets vedtak:

Vestlandsrådet tek saka til orientering.

28/2018 Eventuelt

1 Oversendingsforslag

Frå Aud Karin Oen:

Vestlandsrådet ber om ei sak der ein ser på turisme etter modell frå «travel like the locals» som går på tvers av fylkesgrensene.

2 Endring møtetidspunkt/-stad

Neste møte i Vestlandsrådet skal vere 1. november 2018 ca. kl. 15 på Gardermoen.

3 Regionreformen vedr. vegar og tunnellar

Orientering v/Solveig Ege Tengesdal om vedtak i Fylkesutvalet i Rogaland, sak FU-121/18:

«Beredskapsoppgaver knyttet til tunnel og tunnelsikkerhet må ligge på et nasjonalt nivå. Fylkestinget viser også til etablering av et nasjonalt kompetansesenter for tunnelsikkerhet i Rogaland, SASIRO».